

# Program for **Bremanger Venstre**

for perioden 2011-2015

## **Bremanger**

– kommunen med

- vakker natur
- rikt og variert kulturliv
- gode skular og barnehager
- og dårlege vegar!

Foto: Åge Semmeset



**venstre**

[www.venstre.no](http://www.venstre.no)

# Grunnsyn og ideologi

## – Folk først

Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn, der folk har fridom og høve til å skape sin eigen veg til det gode liv, og samstundes ta ansvar for kvarandre og for miljøet.

Storparten av det kommunale budsjettet vert brukt innan oppvekst-, helse- og sosialsektoren. At borna, dei eldre og sjuke har tilfredsstillande tilbod er viktig og slik skal det vere.

Bremanger Venstre vil i valprogrammet signalisere kva vi er for, og kva vi er imot, og så vert det opptil veljarane å avgjere kva vi klarer å få til av det vi meiner er viktig for at kommunen skal ha flest moglege nøgde innbyggjarar og eit næringsliv som fungerer.

### Venstre er for:

- meir satsing på ungdom som kan gje dei lyst og vilje til å verte buande, eller vende attende etter utdanning, og etablere seg i kommunen.
- at kommunen registrerer ledige husvære og dessuten har tomter tilgjengelege for tilflyttarar og nyetablerarar.
- at kommunen kan ta imot fleire flyktningar.
- garantert reint og nok vatn både til industri og innbyggjarar.
- aktivt å arbeide for å komme vidare med vegprosjekta i 45-minutts regionen. Dette meiner venstre er særskild viktig for eksisterande næringsliv, nyetablering av næring, samt tilflytting, og vil gje ein større arbeidsregion med Bremanger kommune i sentrum.
- at kommunen legg press på fylket for å få fylkesveg 616 Kalvåg – Kolset utbetra, og at det blir sett opp veglys i bebygde strok. Ferja Smørhamn – Kjelkenes må ikkje leggjast ned før dette arbeidet er oppstarta.



- godt vedlikehald av kommunale vegar både sommar og vinter.
- betre vedlikehald av kommunale bygg, også kyrkjene
- tettare samarbeid mellom kommunen og dei gode dugnadskreftene innan idrett og kultur. Viktig at idretten får auka status, og like vilkår med annan kultur, utan at dette fører til at eksisterande tilbod vert svekka..
- å finne praktiske løysingar for å ta vare på kulturminne frå nær og fjern historie innan industri, fiske, jord- og skogbruk. Saman med Vingenfeltet og oldtidsfunna i Skatestrumen m.m. vil dette ha mykje å seie både for reiselivsnæringa og for oss alle.
- at kommunen gjev tilskot til private nybygg, og ved rehabilitering av eldre bygg, der det vert satsa på alternativ fornybar energi til oppvarming.
- å satse på energiøkonomisering i alle offentlege bygg
- sikre god oljevernberedskap og effektivt brannvern
- å samarbeide med organisasjonar og skule/barnehagar for å få spreidd kunnskap og interesse for miljøet.
- halde fram arbeidet med utbygginga av hamnene som prosjektert.
- at vindmølleparkar berre vert etablert i eit par avgrensa område.
- styrkje rusførebyggande tiltak.
- interkommunalt samarbeid om samhandlingsreforma som gjev kommunane større ansvar for helsa til innbyggjarane frå 1.1.2012.

### **Venstre er imot:**

- at skular blir nedlagde av økonomiske grunnar så lenge dei er kvalitetsmessig forsvarlege.
  - at eigedomsskatten blir utvida til å gjelde private hus.
  - sjøvindmøller nær kysten.
  - fleire konsesjonar for utvinning av stein i Bremanger kommune.
- 

# Våre kandidatar



1. **Kåre Jarl Langeland**

2. **Åge Senneset**



3. **Jaqueline Mannaart**



4. **Jonny A. Borthheim Mulelid**



1. **Kåre Jarl Langeland**, 56 år, Kjelkenes
2. **Åge Senneset**, 47 år, Bremanger
3. **Jaqueline Mannaart**, 46 år, Botnane
4. **Jonny A. Borthheim Mulelid**, 25 år, Mulelid
5. **Renate Olaug Naustdal**, 36 år, Bremanger
6. **Svein Olav Igland**, 53 år, Kalvåg
7. **Magni Eldrid Lothe**, 71 år, Svelgen
8. **Magne Ivar Kjerpeset**, 62 år, Kalvåg
9. **Åge Magne Sørbotten**, 54 år, Botnane
10. **Gro Anita Mandelid Rønning**, 42 år, Kalvåg
11. **Håkon Dyrstad**, 67 år, Dyrstadgrend
12. **Sigrid Solheim**, 71 år, Kjelkenes
13. **Einar Anton Gjerde**, 75 år, Svelgen
14. **Erna Oddny Melvær**, 70 år, Oldeide
15. **Arne Egil Lothe**, 73 år, Svelgen
16. **Audhild Bjørg Hunskår**, 59 år, Hunskår
17. **Klara Eldrid Eldevik**, 76 år, Eldevik
18. **Ingvald Kristian Ytrehus**, 72 år, Svelgen
19. **Hildur Hallset Andersen**, 76 år, Svelgen



venstre

[www.venstre.no](http://www.venstre.no)